

## Vedtekter Vestskog SA

### **§ 1      Navn**

Samvirkeføretaket sitt namn er Vestskog SA.

Andelseigarane sitt ansvar for føretaket sine forpliktingar er avgrensa til den einkvar tid innbetalte del av andelsinnskotet, jf. § 4.

Vestskog SA sitt hovudkontor er i Bergen kommune.

Vestskog SA med sine eigarar er tilslutta Norges Skogeierforbund.

### **§ 2      Føremål**

Vestskog sitt føremål er å arbeida for andelseigarane sine økonomiske interesser knytt til deira skogeigedom ved å:

- Tilby omsetnad av tømmer og arbeida for best mogeleg pris og avsetnad på eigarane sine produkt.
- Sikra best mogeleg rammevilkår for næringsmessig nytting av andelseigarane sine skogeigedomar.
- Tilby skog- og utmarkstenester og fagleg rettleiing.
- Arbeida for auka bruk av skog-, utmark- og treprodukt.
- Stimulera til næringsutvikling, og ved eigarengasjement sikra innverknad og avkasting i skogindustri og andre tilknytte verdikjeder.

Føremålet skal søkast fremja i samarbeid med dei andre skogeigarsamvirkeføretak tilslutta Norges Skogeierforbund.

### **§ 3      Andelseigarar**

Som andelseigar i Vestskog SA kan opptakast ein kvar fysisk eller juridisk person som innan samvirkeføretaket sitt geografiske område eig skog. Ved innmelding innbetalast det minst ein andel, jf § 4.

Ved eigarskifte eller andre grunnar til at andelseigaren ikkje lenger har eigedomsrett til skog, skal andelane verta innløyst i samsvar med føresegnene i § 8, første og andre lekken, jf. og paragrafen sin fjerde lekk.

Når det ligg føre særlege grunnar kan styret kan gje unntak frå vilkåret om eigarskap til skog etter første lekken, og akseptera som andelseigarar personar som har bruksrett til skog i staden for den juridiske eigar når bruksretten gjev grunnlag for omsetning av virke frå skogen omsett gjennom Vestskog SA.

Andelseigarane har fortrinnsrett til å selja alt sitt tømmer til samvirkeføretaket, og til å nytta seg av dei tenester samvirkeføretaket kan tilby, til dei prisar og vilkår som til ei kvar tid gjeld.

### **§ 4      Obligatorisk andelsinnskot**

Andelseigarane pliktar å ta del i finansieringa av Vestskog SA sin egenkapital med andelsinnskot i samsvar med det tal andelar som vert fastsett for vedkommande sin skogeigedom jf. tredje lekken.

Kvar andel er på kr 500,-.

Det vert fastsett for kvar andelseigar eit fast tal andelar knytt til vedkommande sitt økonomisk drivbare produktive skogareal. Talet på andelar vert fastsett på bakgrunn av følgjande:

## Vedtekter Vestskog SA

- Minste tal andelar er 9
- For kvar påbyrja 50 daa over 250 daa vert det tillegg på 1 andel
- Maksimalt tal andelar er 40

Årsmøtet kan fastsetja nærare retningsliner for utrekning av arealgrunnlaget.

Talet på andelar vert runda opp til heile tal andelar.

Tal andelar skal korrigjerast ved endring i utrekninggrunnlaget og skal heile tida omfatta skogarealet vedkomande andelseigar eig og disponerar innanfor samvirkeføretaket sitt område. Andelseigaren er forplikta til å gje skriftleg melding ved tilkjøp eller fråsal av areal og ved overføring av bruks- eller leigerett til skog. Ved tilkjøp vert eventuelle tilleggsandelar (jf. § 5) omdanna til obligatoriske andelar for å dekkja auka andelsinnskotsforplikting. Ved fråsal vert overskytande obligatoriske andelar omdanna til tilleggsandelar.

Obligatoriske andelar kan ikkje omsetjast, pantsetjast eller nyttast som tryggleik for forpliktingar.

Innbetaling av det obligatoriske andelsinnskotet skal fram til det er fullt innbetalt, skje ved:

- trekk med 2 % av andelseigaren sitt brutto tømmeromsetningsoppgjer for sal gjennom Vestskog SA
- årleg innbetaling av to andelar

Innbetaling av det obligatoriske andelsinnskotet kan i tillegg skje ved:

- Trekk i utbetaling av rente på andelskapitalen til andelseigaren
- Trekk i andelseigaren si etterbetaling på året sine leveransar
- Kontant innbetaling

Andelseigarar kan fritt velja ei raskare innbetaling.

Dersom andelsinnskotet ikkje er fullt innbetalt seinast 15 år etter innmelding, skal restsummen innbetalast kontant. Styret kan i særlege høve innvilga lenger innbetalingstid.

Dersom andelsinnskotet ikkje vert innbetalt i samsvar med avsnittet ovanfor skal eigarskapen strykast og den innbetalte summen skal attendebetalast i samsvar med føresegnene i § 8.

### **§ 5 Frivillig tilleggsandelsinnskot**

Årsmøtet kan avgjera å utvida andelskapitalen med frivillig tilleggsandelsinnskot frå eksisterande andelseigarar. Fordeling av tilleggsandelar vert gjort av styret etter prinsipp fastsett av årsmøtet. Tilleggsandelar kan kun tildelast andelseigarar som har betalt sitt obligatoriske andelsinnskot fullt ut. Tilleggsandelane skal betalast inn i sin heilskap i samband med teikning innan den frist styret fastset.

Tilleggsandelane gjev ingen rettar i Vestskog SA ut over rett til eventuell forrentning.

Tilleggsandelar kan overdragast til andre andelseigarar i samvirkeføretaket. Andelane kan ikkje overdragast uten samtykke frå styret.

Andelseigar har tilgang til å få sine frivillige tilleggsandelar innløyst utan at eigarskapen i Vestskog SA vert sagt opp. For utbetaling av tilleggsandelar gjeld dei same føresegnene som for det obligatoriske andelsinnskotet, jf § 8.

### **§ 6 Medlemskontingent**

Andelseigarane forpliktar seg til å betala ein årleg kontingent fastsett av årsmøtet.

Dersom andelseigar trass i skriftleg varsel ikkje har betalt vedtektsfesta kontingent i 1 år vert dette forstått som at vedkomande ynskjer avvikling av andelseigarskapen, og eigarskapen vert stroke frå fyrstkomande årsskifte.

## Vedtekter Vestskog SA

Dersom eigarskapen vert stroke vert vedkomande sitt innbetalte andelsinnskot og medlemskapitalkonti attendebalt i samsvar med føresegnene i § 8 etter motrekning av uteståande kontingent.

### § 7 Utmelding

Utmelding som andelseigar får verknad frå den dag meldinga er motteke skriftleg til Vestskog SA sitt hovudkontor.

Eventuelle økonomiske mellomverande knytta til samhandel mellom utmeldande andelseigar og Vestskog SA skal avsluttast i samsvar med inngåtte kontraktar og avtalar.

Økonomiske høve knytt til eigarskapen skal avsluttast i samsvar med føresegnene i § 8 om innløyising av andelsinnskot og medlemskapitalkonti.

### § 8 Innløyising av andelsinnskot og medlemskapitalkonti

Andelsinnskotet skal ved innløyising betalast ut med den nominelle verdien som er innskoten dersom andelskapitalen er intakt. Det same gjeld for medlemskapitalkonti. Dersom delar av andelskapitalen er tapt skal det skje ein tilsvarende reduksjon i innløyisingssummen. Ut over dette har utmeldande andelseigar ikkje krav på etterbetaling eller del i laget si eiga.

Innløyisingssummen – jf. likevel bokstav b under – vert endeleg fastsett ved første ordinære årsmøte som handsamar årsmelding og rekneskap for det året melding om avvikling av eigarskapen er motteke.

Innløyisingssummen – obligatorisk andelsinnskot, tilleggsandelar og medlemskapitalkonti – kjem til utbetaling slik:

- a) Ved eigedomsoverdraging eller sal der den tidligare andelseigaren ikkje lenger er skogeigar vert innløyisingssummen utbetalt etter at årsrekneskapen er fastsett for det året salet/ eigedomsoverdraginga er føreteke.

Ved buoppgjjer vert innløyisingssummen utbetalt så snart som mogeleg. I dette tilfellet vert sist ferdigstilt rekneskap nytta som grunnlag.

Ved anna utmelding av Vestskog SA vert innløyisingssummen utbetalt over 3 år med  $\frac{1}{3}$  kvart år rekna frå tidspunktet årsrekneskapen er fastsett. Den minste summen som skal betalast ut kvart år er 1 andel.

Oppsagt – ikkje utbetalt uteståande – vert låneinnskot og vert rekna rente på tilsvarende vanlege andelseigarinnlån.

Styret kan fastsetja forenkla retningsliner for innløyising og innmelding for eigarskifte innanfor familie.

### § 9 Lokale andelseigarmøter – valkrinsar

Vestskog SA sitt geografiske område vert delt inn i valkrinsar fastsett av årsmøtet. Andelseigarane soknar til den valkrins eigedomen ligg i.

Andelseigarmøtet har valmynde og er rådgjevande for utsendingar til samvirkeføretaket sitt årsmøte.

Andelseigarmøtet skal kallast inn med minst åtte dagar skriftleg varsel. Sakliste skal fylgja innkalling. For ordinært andelseigarmøte gjeld same frist for utsending av årsmelding og rekneskap. Berre dei saker som er nemnde i innkallinga skal handsamast i møtet.

Ordinært andelseigarmøte (årsmøtefunksjon) skal haldast kvart år innan utgangen av mars. Det ordinære andelseigarmøtet skal:

- b) Handsama innstilling til Vestskog SA sitt årsmøte om årsmelding og rekneskap.
- c) Handsama innstilling til eventuelle framlegg til vedtektsendringar i Vestskog SA.

## Vedtekter Vestskog SA

- d) Velja utsendinger med varafolk til årsmøtet jf. § 11. Vala gjeld til nye val er føreteke.
- e) Handsama andre saker som er nemnde i innkallinga.

Saker som andelseigar ynskjer å få handsama på ordinært andelseigarmøte, må vera administrasjonen i hende innan utgangen av januar månad.

Ekstraordinært andelseigarmøte skal kallast inn når Vestskog SA sitt styre eller minst  $\frac{1}{10}$  av andelseigarane i valkrinsen krev det.

### **§ 10 Røysterett og valbarheit i valkrins**

I andelseigarmøtet har kvar andelseigar éi stemme. Dersom ektefelle eller sambuar begge er registrert som andelseigarar for same skogeigedom har begge møte- og forslagsrett, men kun éi stemme og må sjølv avgjera kven som nyttar røysteretten.

Andelseigarar som har skog i flere valkrinsar har møterett i dei valkrinsane dei har skog.

Ektefelle, sambuar eller bestyrar og annan representant som generelt kan opptre utover på vegne av og forplikta vedkomande andelseigar har møte- og røysterett. Elles kan ikkje ein andelseigar møta ved fullmektig.

Ein kvar som har høve til å møta med stemmerett i Vestskog SA kan veljast til tillitsverv.

### **§ 11 Årsmøtet**

Årsmøtet er Vestskog SA si øvste styresmakt. Det er dei valde utsendingane frå valkrinsane, jf. § 9, som utgjer årsmøtet, og årsmøtet skal haldast i Vestskog SA sitt geografiske område.

Kvar valkrins har rett til å senda ein utsending for kvar påbyrja 20 000 m<sup>3</sup> omsett tømmer gjennom Vestskog SA siste tre kalenderår frå andelseigarar tilknytt vedkomande valkrins sitt område. Største representasjon frå ein valkrins er 3 utsendingar.

Ved røysting har utsendingar frå valkrinsane éi stemme kvar.

Vestskog SA sine styremedlemer har møteplikt i årsmøtet.

Kontrollutvalet har møterett.

Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av utsendingane møter.

Årsmøtet vert innkalla av styret når styret eller utsendingar som representerar minst  $\frac{1}{3}$  av røystetalet krev det. Varsel om årsmøte skjer med minst 14 dagars varsel. Sakspapira skal sendast ut minst åtte dagar før møtet.

Årsmøtet kan ta avgjerd i saker som ikkje er nemnt i innkallinga om alle årsmøteutsendingane gjev sin tilslutnad til at saka vert teke opp. Unnateke frå dette er saker som er nemnde i §§ 19 og 20.

Rett til å fremja saker for årsmøtet har Vestskog SA sitt styre og valde utsendingar frå valkrinsane.

Det skal førast protokoll for møta som skal underskrivast av møteleiar saman med to vald i møtet. Utskrift av protokollen skal sendast Norges Skogeierforbund etter kvart møte.

Vedtekter Vestskog SA

## **§ 12 Årsmøtet sine oppgaver**

Det skal holdast ordinært årsmøte kvart år innan utgangen av april månad.

Det ordinære årsmøtet skal:

- Velja møteleiar
- Handsama styret si årsmelding, resultatrekneskap og balanse og disponera årsresultatet jf. § 13.
- Fastsetja godtgjersle til organisasjonen sine tillitsvalde og godkjenna godtgjersle til revisor.
- Fastsetja sats for kontingent jf. § 6.
- Føreta val til styret jf. § 15.
- Føreta val til valkomité, jf. § 18.
- Handsama andre saker som er nemnde i innkallinga.

Årsmøtet skal velja eit kontrollutval jf. § 17.

Saker som ein ynskjer handsama i ordinært årsmøte må vera styret i hende innan utgangen av februar månad, jf likevel 3 månader varslingsfrist for vedtektsendringar.

## **§ 13 Disponering av årsresultat**

Vestskog SA sitt årsresultat kan – etter forslag frå styret – disponerast av årsmøtet på fylgjande måte:

- a) Overførast til / frå fond for opptent eigenkapital.
- b) Etterbetalast til andelseigarane i høve til verdien av det virke frå skogen andelseigarane har levert for omsetnad gjennom Vestskog SA siste tre år.
- c) Avsetjing til etterbetalingsfond.
- d) Avsetjing til medlemskapitalkonti i høve til verdien av det virke frå skogen andelseigarane har levert for omsetnad gjennom Vestskog SA siste tre år.
- e) Utbetalast til andelseigarane som forrentning på innskoten andelskapital og medlemskapitalkonti. Rentesatsen vert fastsett av årsmøtet for det enkelte år.

Samla disponering etter punkt e) kan ikkje vera større enn summen som vert disponert etter punkt b). Disponering til forrentning på frivillig andelskapital tel ikkje med i grunnlaget for utrekning av samla disponering etter punkt e) i denne samanheng.

## **§ 14 Disponering av etterbetalingsfond**

Årsmøtet kan – etter forslag fra styret – disponera inneståande på etterbetalingsfondet på fylgjande måte:

- Overføra til fond for opptent eigenkapital.
- Etterbetala til andelseigarane i høve til verdien av det virke frå skogen andelseigarane har levert for omsetnad gjennom Vestskog SA minimum dei siste tre åra.
- Avsetjast til medlemskapitalkonti i høve til verdien av det virke frå skogen andelseigarane har levert for omsetnad gjennom Vestskog SA minimum dei siste tre åra.

## Vedtekter Vestskog SA

### § 15 Styret

Styret har 6 medlemmer, av desse vert 5 valde av årsmøtet i Vestskog SA for 2 år om gongen. Av dei årsmøtevalde medlemene skal 1 vera frå Rogaland, 2 frå Hordaland og 2 frå Sogn og Fjordane.

Dei tilsette i Vestskog SA vel eitt styremedlem og ein observatør til styret.

Styret sin leiar og nestleiar vert vald kvart år av årsmøtet mellom styret sine medlemmer.

Årsmøtet vel kvart år tre varamedlemer i nummerrekke for dei årsmøtevalde styremedlemene. Det skal vera 1 varamedlem frå kvart av fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Vestskog SA er forplikta ved underskrift av styret sin leiar og dagleg leiar i fellesskap

### § 16 Styret sine oppgåver og ansvar

Forvaltinga av Vestskog SA høyrer under styret, som skal leia føretaket si verksemd i samsvar med lov, vedtektene og årsmøtet sine avgjersler. Styret skal gjennomføra vedtak som vert fatta av Norges Skogeierforbund i samsvar med forbundet sine vedtekter.

Styret skal leggja fram årsmelding og rekneskap i så god tid at det kan drøftast i andelseigarmøter avvikla i samsvar med § 9 før handsaming i årsmøtet.

Styret skal førebu dei sakene andelseigarmøta og årsmøtet skal handsama.

Styret fastset prinsippa for dei utbetalingsordningar for tømmeromsetnad som er gjeldande i rekneskapsåret.

Styret kan ved ekstraordinær høg avverking som fylgje av store stormfellingar, risiko for insektangrep eller liknande tilhøve i samband med store naturødeleggingar pålegga andelseigarane å redusera eller stoppa avverking utan omsyn til inngåtte kontraktar i den utstrekninga det er naudsynt for å unngå ein vesentleg ubalanse i tømmermarknaden.

### § 17 Kontrollutval

Vestskog SA skal ha eit kontrollutval med tre årsmøtevalde medlemmer med personlege varamedlemer. Det skal vera 1 medlem og 1 varamedlem frå kvart av fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Valet gjeld for tre år. Kvart år er eitt medlem på val.

Årsmøtet fastset instruks for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gjev uttale til årsmøtet om styret si årsmelding og rekneskap, og gjev innstilling til årsmøtet ved eventuelt val av ny revisor.

## Vedtekter Vestskog SA

### § 18 Valordning

Årsmøtet vel ei valnemnd på fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Årsmøtet vel også leiar av valnemnda. Vala gjeld for tre år, slik at to år trer det ut to medlemmer og det tredje året trer det ut eitt medlem. Det skal vera 2 medlemmer frå Sogn og Fjordane, 2 medlemmer frå Hordaland og 1 medlem frå Rogaland.

Valnemnda skal gje innstilling til årsmøtet vedrørande vala i samsvar med instruks fastsett av årsmøtet.

Val av styret sin leiar og nestleiar skal vera skriftleg.

Tillitsvalde kan ikkje ha tillitsverv eller leiande stilling i foreining eller selskap som konkurrerer med Vestskog SA.

Vert ei utsending til årsmøtet valt til styremedlem i Vestskog SA, overtek vedkomande si varautsending plassen i årsmøtet.

### § 19 Vedtektsendringar

Endring av desse vedtekter skjer i årsmøtet. Det skal stå i innkallinga kva forslaget til endring går ut på. Før handsaming i årsmøtet skal forslag til vedtektsendringar ha vore handsama i ordinært eller ekstraordinært møte i valkrinsane. I andelseigarmøta vert det avgjort med simpelt fleirtal av røystene (jf. § 9) kva mandat utsendingane til årsmøtet skal ha.

Vedtak om endring krev  $\frac{2}{3}$  fleirtal av det røystetal som er representert i årsmøtet.

For endring av § 2 og § 4 er det krav om  $\frac{4}{5}$  fleirtal av avgjevne røyster.

Forslag til endring av prinsipiell karakter eller som har med tilhøvet til Norges Skogeierforbund å gjera, skal også leggjast fram for Skogeierbundet sitt styre til orientering før årsmøtehandsaminga.

### § 20 Oppløysing

Forslag om oppløysing av Vestskog SA må verta fremja på eit ordinært årsmøte. Dersom forslaget vert støtta med  $\frac{2}{3}$  fleirtal av røystene i årsmøtet, vert det sendt til handsaming i valkrinsane og etter dette lagt fram til endeleg avgjersle på det neste ordinære årsmøtet.

Oppløysing er vedteke når det endelege vedtaket vert gjort med minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal av årsmøtet.

Etter at alle forplikingar er oppgjort skal tilleggsandelsinnskott, deretter ordinært andelsinnskott og inneståande på medlemskapitalkonti attendebetalast til andelseigarane. Eiga utover dette skal delast på andelseigarane etter deira del av tømmeromsetnaden gjennom Vestskog SA og innfusjonerte foretak siste 10 år.

### § 21 Lovgjeving

Utover dette vert det synt til den til ein kvar tid gjeldande samvirkelovgjevinga.